- ✓ Kontrollutvalget bør årlig ha et dialogmøte med ordfører hvor de snakker om hvilke forventninger kommunestyret og kontrollutvalget har til hverandre, og om det er saker eller områder som kontrollutvalget bør følge med på. Dette bør følges opp.
- ✓ Kontrollutvalget bør ta initiativ overfor kommunestyret til å drøfte rutiner for hvor ofte kontrollutvalget skal rapportere om sitt arbeid, utover det som er lovpålagt.
- ✓ Kontrollutvalget kan avtale med ordfører at protokollen fra kontrollutvalgets møter blir lagt fram som referatsak i kommunestyret. Kontrollutvalgets leder kan be om taletid for å gi utfyllende informasjon, også om kontrollutvalgets leder ikke er medlem av kommunestyret.
- ✓ Kontrollutvalgets leder bør ta ordet når kommunestyret skal behandle rapporter fra kontrollutvalget og orientere om funn og anbefalinger som utvalgets forslag til vedtak bygger på, også om kontrollutvalgets leder ikke er medlem av kommunestyret.
- ✓ Alle medlemmer, evt. ordfører og gruppeledere i kommunestyret, kan med fordel involveres i ROV-prosessen¹² og få mulighet til å komme med innspill på viktige temaer som kan legges inn i planene før behandling i kommunestyret.
- ✓ Kontrollutvalget bør midtveis i perioden rullere vedtatt plan, og også her kan f.eks. gruppeledere og andre folkevalgte, inviteres til å komme med innspill til nye temaer for revisjonen.
- ✓ Plan for utvalgets arbeid bør oversendes kommunestyret til orientering.
- ✓ Årsrapporten fra kontrollutvalget bør utformes på en måte som vekker interesse for utvalgets arbeid.
- ✓ I kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning kan utvalget legge inn temaer og problemstillinger som kan være av interesse for kommunestyrets medlemmer, f.eks. kommunal økonomisk bærekraft (KØB)

¹² Risiko- og vesentlighetsvurdering

VEDLEGG 3 Hva er et saksdokument?

Offentleglova [§ 4](#) har definert hva som er å regne som saksdokument.

Et **dokument** er informasjon som kan presenteres som en samlet, avgrenset helhet. Det kan være en e-post, en video, en SMS, et tradisjonelt brev på papir, eller en PDF-fil. Det er ikke teknologien eller formatet som bestemmer om noe er et dokument.

For å vite om noe er et **saksdokument** må en først vurdere om innholdet gjelder virksomhetens ansvarsområde. Og om det har kommet inn til, lagt fram for eller opprettet av virksomheten. Det meste sekretariatet oppretter på vegne av kontrollutvalget er å regne som saksdokumenter når det er sendt ut.

Offentleglova [§ 4](#) nevner også hva som ikke er å regne som saksdokument.

Er dokumentet sendt inn eller ut av virksomheten?

Hvis du har fått en henvendelse, eller selv henvendt deg til noen utenfor din egen virksomhet, regnes denne kommunikasjonen som «sending» inn eller ut. Det er ikke kanalen eller metoden som avgjør dette, men om dokumentet har blitt formidlet til eller fra en representant for virksomheten.

Blir dokumentet saksbehandlet og har verdi som dokumentasjon?

Terskelen for hva som regnes som saksbehandling er lav. Saksbehandling er når du sammenstiller, vurderer eller bruker informasjon, for så å forberede eller ta en avgjørelse på vegne av virksomheten.

Kilde: [Arkivverket](#)

Retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Stord kommune

1. Henvending til kontrollutvalsmedlemar

Henvendingar til kontrollutvalsleiar eller -medlem må sendast til sekretariatet for journalføring og saksbehandling.

2. Munnlege henvendingar

Munnlege henvendingar må gjerast skriftlege for å kunna bli journalført og saksbehandla av sekretariatet.

3. Sekretariatet si saksbehandling før kontrollutvalet sitt møte

Sekretariatet journalfører og arkiverer henvendinga i tråd med rutinar for journalføring og arkivering. Sekretariatet gjer ei vurdering av innhaldet i henvendinga i forhold til kontrollutvalet sitt mandat, «trafikklysmodellen» og vanlege krav til saksbehandling. Dersom henvendinga openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, svarer sekretariatet avsendar i tråd med pkt. 4 og legg henvendinga og svaret fram for kontrollutvalet til orientering.

Alle andre henvendingar drøftar sekretariatet først med kontrollutvalet sin leiar. Om naudsynt kan sekretariatet gjera enkle avklaringar, for eksempel om henvendinga er til behandling hjå annan instans. Kontrollutvalet sin leiar avgjer om henvendinga skal settast opp som sak på sakslista.

For henvendingar som skal på sakslista, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kjem med eit forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast, i tråd med vanleg saksbehandling.

4. Tilbakemelding til avsendar

Alle som henvendar seg til kontrollutvalet må få tilbakemelding frå sekretariatet om at den er mottatt og blir vurdert. Om nødvendig vert det gjeve rettleiing om kva som er rett instans for henvendinga. Det vert føreslege å nytte teksten under:

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering.

Utan at me har vurdert henvendinga di, vil me på generelt grunnlag seia at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandla henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandla dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritera å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil derfor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.

5. Partsrettar

Avsendar har ingen partsrett i ei eventuell sak som vert behandla i kontrollutvalet. Avsendar har heller ingen klagerett på kontrollutvalet sitt eventuelle vedtak om å ikkje gå vidare med saken.

6. Kontrollutvalet si vurdering og prioritering

På grunnlag av saksutgreiinga frå sekretariatet vurderer kontrollutvalet i møte, om og eventuelt korleis henvendinga skal følgjast opp. Kontrollutvalet kan bruka «trafikklysmodellen» som hjelp i si vurdering av om henvendinga eignar seg til oppfølging av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må i tillegg vurderer om utvalet har ressursar til å følgje opp den aktuelle problemstillinga.

7. Kontrollutvalet sine handlingsalternativ

Kontrollutvalet sine handlingsalternativ kan vera:

- a. Kontrollutvalet vurderer at dette ikkje er ei sak som kontrollutvalet vil følgja opp og tek henvendinga til orientering. Saka vert avslutta.
- b. Kontrollutvalet vedtek å følgja opp henvendinga ved å be om meir informasjon. Utvalet kan for eksempel be rådmannen om å gje informasjon i neste møte. Utvalet kan også be sekretariatet om å henta inn meir informasjon.
- c. Kontrollutvalet vedtek å følgja opp henvending med ei kontrollhandling.

8. Dersom henvendinga skal følgjast opp med ei kontrollhandling

Dersom kontrollutvalet meiner at henvendinga dreier seg om eit saksfelt som utvalet bør sjå nærare på, må kontrollutvalet vurderer følgjande:

- Resulterer ei risiko- og vesentlegvurdering med at utvalet skal bruka ressursar på saka, no eller seinare?
- Kva kontrollaktivitet er det mest føremålstenleg å setta i verk dersom det skal gjennomførast ein kontroll?
- Skal den aktuelle henvendinga brukast direkte i sjølve kontrollen eller skal den brukast indirekte til å indikera risikoen på eit område?

Dersom forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll er aktuell kontrollaktivitet, kan saksfeltet settast på planen for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll når det skal

utarbeidast ny plan eller planen skal rullerast. Eventuelt kan saksfeltet bli inkludert i føremål og/eller problemstillingar i ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll som skal bestillast. Dersom utvalet vedtek å bestilla ein forvaltningsrevisjon eller annan undersøking, følgjer me vanlege prosedyrar for dette, jf. pkt. 9.

9. Vidare behandling

Den vidare saksbehandlinga følgjer dei vanlege rutinane i tråd med bestillar/utførar-modellen, tilsvarande som for ein forvaltningsrevisjon eller den kontrollforma som er valt av kontrollutvalet.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/33-15
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	31/22	15.09.2022

Informasjon frå FKT til orientering og evt. oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
- 2.
- 3.

Samandrag

I samråd med utvalsleiar vil det bli gjeve ulik informasjon frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT), deriblant to høyringssaker frå Kommunal- og Distriktsdepartementet (KDD), der utvalet kan gje innspel via FKT

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka er det tenkt å fortelja om fem orienteringar frå FKT:

1. FKT fagkonferanse i juni 2022
2. FKT sitt årsmøte 2022, også halde i juni
3. Endringar i kommuneloven – høyring
4. Endringar i lov om interkommunale selskap mv. - høyring
5. FKT sitt høyringsmøte om dei to høyringssakene

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Utvalet kan gje uttrykk for sitt syn i høyringsuttale via FKT, der utvalet er medlem, sjølv om «alle» kan gje høyringssvar.

Vidare er det naturleg at evt. uttale frå Stord kommune til KDD vert handert av kommunestyre, formannskap, ordførar eller rådmann.

Vurderingar og verknader

Både kontrollutvalet i Stord kommune og VLFK sitt sekretariat for kontrollutvalet er medlem i FKT.

Litt om kvart av punkta.

Vedr. 1 - FKT fagkonferanse i juni 2022

- Kontrollutvalsleiaren var påmeldt konferansen, men vart hindra i å reisa. Det var heller ingen andre frå utvalet som kunne stilla på kort varsel.
- Sekretariatet deltok, og kan gje litt orientering i møtet.

Vedr. 2 - FKT sitt årsmøte 2022, også halde i juni

- Årsmøtet vart halde under konferansen.
- Sekretariatet var tilstades, og kan gje litt orientering.

Vedr. 3 - Endringar i kommuneloven – høyring frå KDD

- Kommunal- og Distriktsdepartementet (KDD) sende ut høyringssak 22.06.22
- KDD sin høyringsfrist er 14.10.22.
- FKT er innstilt på å gje høyringssvar, og ber om innspel frå medlemmane innan 14.09.22.
- Sekretariatet tar for gitt at det er utvida høyringsfrist til FKT som følgje av at det er høyringsmøte 16.09.22. (pkt. 5)
- Du finn all informasjon om høyringssaka på KDD si heimeside – link: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-endringer-i-kommuneloven/id2920339/>
- Dersom kontrollutvalet vil gje høyringsuttale er det mest naturleg at ein gjer det via FKT, sjølv om «alle» kan gje høyringssvar. Vidare er det naturleg at evt. uttale frå Stord kommune vert handert av kommunestyre, formannskap, ordførar eller rådmann.

Vedr. 4 - Endringer i lov om interkommunale selskap mv. – høyring frå KDD

- Kommunal- og Distriktsdepartementet (KDD) sende ut høyringssak 25.05.22
- KDD sin høyringsfrist er 23.09.22.
- FKT er innstilt på å gje høyringssvar, og ber om innspel frå medlemmane innan 23.08.22.
- Sekretariatet tar for gitt at det er utvida høyringsfrist til FKT som følgje av at det er høyringsmøte 16.09.22. (pkt. 5)
- Du finn all informasjon om høyringssaka på KDD si heimeside – link: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-endoringer-i-lov-om-interkommunale-selskaper-mv/id2914452/>
- Dersom kontrollutvalet vil gje høyringsuttale er det mest naturleg at ein gjer det via FKT, sjølv om «alle» kan gje høyringssvar. Vidare er det naturleg at evt. uttale frå Stord kommune vert handert av kommunestyre, formannskap, ordførar eller rådmann.

Vedr. 5 – FKT sitt høyringsmøte om dei to høyringssakene

- FKT har invitert kontrollutvalsleiarar i medlemskommunane og dagleg leiar i medlemssekretariata til høyringsmøte 16.09.22 på teams.
- Dette kan vera ein stad der ein kan både få informasjon og gje uttrykk for kva ein meiner.
- Skriftleg høyringssvar via FKT er og ein mulighet.
- Elles er det viktig berre det å halda seg orientert.

Konklusjon

Kontrollutvalet vil herigjennom få ein del informasjon, samt kunna gje uttrykk for meiningar i to høyringssaker.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/36-4
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	32/22	15.09.2022

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19 og sak PS 47/21 av 02.12.2021 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Gunnhild Kristin Borlaug
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2022
Kommunestyret	21.06
Formannskapet	08.06 (07.09)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	01.06 31.08
Utval for oppvekst og kultur	07.06 30.08
Utval for plan og utvikling	02.06 22.06 01.09

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/28-4
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	33/22	15.09.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Saksnr
26/22

Utval
Kommunestyret

Møtedato
21.06.2022

FORVALTNINGSREVISJON OM FØREBYGGJANDE ARBEID FOR BARN OG UNGE - REVISJONSRAPPORT

Innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene i området.
2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
 - a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.
 - b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
 - a) Kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
 - b) Rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Vurdere å etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Vurdere å leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.
6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.
8. Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Torbjørn Brosvik

Framlegg frå Ap, Sp og KrF:

Stryka «vurdere å» i pkt. 4 og 5.

Røysting:

Felles endringsframlegg frå Ap, Sp og Krf vart samrøystes vedteke.

Innstilling frå kontrollutvalet med vedteke endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonisering av måla som er sett for tenestene i området.

2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:

a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.

b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.

3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med

a) Kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.

b) Rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.

4. Etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.

5. Leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.

6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.

7.Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.

8.Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Dokumentliste

I	29.03.2022	*****	Forvaltningsrevisjonsrapport til verifisering. Førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune
I	12.04.2022	*****	Rapportutkast til høyring. Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune
U	27.04.2022	DELOITTE AS AVD BERGEN	VS: Vedr. høyringsfrist.
U	06.05.2022	DELOITTE AS AVD BERGEN	Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, rapportutkast til høyring
I	09.05.2022	Deloitte as	Oversending av forvaltningsrevisjonsrapport
I	25.05.2022	Sekretariat for kontrollutvalet	Innstilling - Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Revisjonsrapport
S	27.05.2022		Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Revisjonsrapport

Vedlegg

- 1 Rapport etter forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune.pdf.PDF
- 2 Saksframlegg med vedtak.PDF

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune i møte 31.08.2021.

Av den godkjente prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen undersøkt følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har Stord kommune etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge?
 - a) Har Stord kommune etablert mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge?
 - b) Har Stord kommune eit tilfredsstillande system for å kartlegge og sikre seg oversikt over oppvekstvilkår og helsesituasjonen blant barn og unge?
2. Har Stord kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn og unge?

Under dette:

 - a) Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?
 - b) I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt ansvar for
 - i. å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. psykisk helse- og/eller rusutfordringar og familievald)
 - ii. å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?
 - c) Er det etablert retningslinjer og rutinar som sikrar tilstrekkeleg oppfølging av utsette barn som flyttar til eller frå kommunen (ev. som har delt bustad mellom to kommunar)?

- d) I kva grad fungerer modellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) i samsvar med intensjonen?
 - e) Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid (inkludert innan modellen BTI)?
 - f) I kva grad har det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge blitt påverka av covid-19 pandemien?
3. I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?
- a) Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene og mellom velferdstenestene og andre aktuelle tenester (t.d. kultur) som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?
 - b) Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?

Av prosjektplanen går det vidare fram at det er lagt inn slike avgrensingar i revisjonen:

«Forvaltningsrevisjonen vil undersøke kommunen sitt førebyggjande arbeid retta mot barn og unge opp til 18 år.»

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Deloitte har nå gjort ferdig forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, revisjonsrapport er levert og ligg ved som vedlegg til saka. Rapporten har vore send rådmann for uttale og høyringsuttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten. Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju med utvalde personar i Stord kommune som er involvert i eller har ansvar for førebyggjande arbeid for barn og unge i ulike deler av organisasjonen og verifiseringsprosessar som metodar. Til saman er det gjennomført 10 intervju med til saman 19 tilsette i Stord kommune. I tillegg er det gjennomført fokusgruppeintervju med ungdommar i kommunen. Etter sekretariatet sin vurdering har Deloitte levert en god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Sekretariatet har merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik i punkt 6 på side 47:

«Undersøkinga viser at Stord kommune i stor grad har etablert, eller er i prosess med å utvikle, mål og planar for førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og at det er etablert system for å kartlegge og sikre oversikt over barn og unge sin helsesituasjon og oppvekstvilkår.

Kommunen har i all hovudsak tydeleggjort kva ansvar dei ulike tenestene i Stord kommune har inn mot barn og unge etter regelverket. Vidare har kommunen gjennom BTI-modellen utarbeidd ein digital rettleiar som skildrar tenestene i kommunen sitt ansvar for å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak og å drøfte tiltak og eventuelt involvere andre relevante tenester. Det blir vidare vist til at BTI-modellen i stor grad fungerer etter intensjonen og at innføringa av BTI-modellen og stafettloggen har styrka samhandlinga mellom kommunale tenester i Stord kommune. Stord kommune har også etablert fleire samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar både mellom tenester innan kommunalområdet OKU og opp mot eksterne aktørar som lag og frivillige organisasjonar, politi og spesialisthelsetenester for å sikre heilskapleg oppfølging av barn og unge i kommunen.

Revisjonen merker seg at kommunen, i samband med pågåande utviklingsarbeid knytt til barnevernsreforma/oppvekstreforma, etter planen vil gjennomgå eigne tenester og sjå på organisering og ansvarsdeling mellom ulike tenester og nivå, og kva som kan styrkast. I samband med gjennomgangen av eigne tenester vil kommunen også vurdere kva tiltak dei har i dag og om dei er tilstrekkelege for ivareta barn og unge som har behov for førebyggjande arbeid.

Samtidig viser undersøkinga at Stord kommune har forbedringspunkt når det gjeld førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.»

Sekretariatet har vidare merka seg at Deloitte på bakgrunn av det som kjem fram over kjem med slike tilrådingar til Stord kommune i punkt 6 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:

1. Etablerer ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikrar tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene på området.
2. Sikrar tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
 - a. Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.
 - b. Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikrar at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
 - a. kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
 - b. rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Vurderer å etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Vurderer å leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.
6. Sikrar at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablerer rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.

Konklusjon

Kontrollutvalet har et spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapporter om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Videre står det dette i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Rapportering frå kontrollutvalet til kommunestyret i tråd med forskrifta skjer normalt i samband med at utvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning. Forslag til innstilling i saksframlegget bygger på forslag til tiltak i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen sørge for å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksnr
29/22

Utval
Kommunestyret

Møtedato
21.06.2022

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2021

Innstilling frå kontrollutvalet:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Røysting:

Innstilling frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Rådmannen, 25.05.2022

Dokumentliste

I 27.04.2022 VESTLAND
FYLKESKOMMUNE
S 25.05.2022

Innstilling - Årsmelding 2021 for Stord
kontrollutval
Kontrollutvalet - årsmelding 2021

Vedlegg

1 Årsmelding 2021 for Stord kontrollutval(2).PDF
2 Saksframlegg med vedtak.PDF

Innleiing (bakgrunn for saka)

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2021. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf kommunelova [§23-5](#) der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å rapportere resultatene av kontrollutvalet sitt arbeid til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Årsmeldinga peikar både på behandling av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga politisk sak, slik det og har vore gjort i fleire år no.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2021 til godkjenning i kommunestyret.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]

Sendt: 21.06.2022 12:11:48

Til: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]

Tittel: Nytt fra FKT



Forum for
kontroll og tilsyn

Protokoll fra årsmøtet 2022

Forum for kontroll og tilsyn hadde årsmøte 8. juni i forbindelse med fagkonferansen på Lily Country Club, Kløfta. Årsmøtet gjorde en endring av vedtektene: I FKTs vedtekter pkt. 3 "hovedoppgaver" inntas følgende kulepunkt 5: *fremme og styrke kontrollutvalgenes og sekretariatenes uavhengighet*

Årsmøteprotokollen



Styrets sammensetting etter årsmøtet 8. juni 2022

Fra venstre: Solveig Kvamme (vara sekr), Terje Engvik, Liv Tronstad, Rita Holberg, Tom Øyvind Heitmann, Tage Pettersen (leder), Hilde Rasmussen Nilsen (vara sekr) og Jane Anita Aspen (nestleder). (Henning Warloe og Sven Castberg, begge vara pol., var ikke tilstede da blidet ble tatt.)

Ny veileder fra FKT - Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

Sentrale spørsmål – «Trafikkløysmodellen»	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen.				
Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak?				
Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?				
Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?				
Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?				
Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse?				
Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?				
Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?				
Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilfellen til kommunens saksbehandling av en type saker?				
Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?				
Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapkontroll?				
Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?				
Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?				

Forum for kontroll og tilsyn har ferdigstilt veilederen for håndtering av

henvendelser til kontrollutvalget. Veilederen gir råd og anbefalinger som vi håper at kontrollutvalget vil diskutere og benytte til å utarbeide egne retningslinjer. Den er ment å være et supplement til Kontrollutvalgsboka.

Veileder



Kontrollutvalgsdagen, Skei 29. september 2022

FKT og NKRF inviterer til fagsamling for kontrollutval den 29. september 2022. [Hotell Thon Hotel Jølster](#)

Påmelding



Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

Høsten 2022 arrangeres Kontrollutvalgslederskolen på [Quality Airport Hotel Gardermoen](#), 24. – 25. oktober. Noter datoene, nærmere informasjon kommer. Det åpnes for påmelding i august.



Svar fra departementet på spørsmål om ordførers rett til å nekte å sette sak fra kontrollutvalget på saklisten til kommunestyret

Kommuneloven § 23-5 første punktum bestemmer at kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret. Departementet antar at


ordføreren ikke kan nekte å sette slike saker opp på sakslisten. Dette gjelder selv om ordføreren skulle mene at saken ikke er tilstrekkelig utredet.

Brev fra KDD



Lovlig lobbyisme eller ulovlig påvirkningshandel

Hva er ulovlig påvirkningshandel? Hvor går grensen til lovlig lobbyisme? I denne episoden diskuterer Erling Grimstad og Bjørn B. Mæland dette og gir eksempler på hvor denne grensen går. [Økokrimpodden](#) Advokatfirmaet Erling Grimstad AS



FKT ønsker alle en riktig god sommer !



Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 18.08.2022 11:02:00
Til: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Tittel: Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober



Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

Velkommen til Kontrollutvalgslederskolen på [Quality Airport Hotel Gardermoen](#), 24. – 25. oktober.

Vi er langt ute valgperioden, og kontrollutvalget har opparbeidet seg mye erfaring til nå. Kontrollutvalgslederskolen er en arena der denne erfaringen kan

deles. Læringskurven har kanskje vært bratt for mange. Men det er ingen grunn til å lene seg tilbake og tenke "nå er jeg utlært som kontrollutvalgsleder".

Basert på tilbakemeldinger fra tidligere samlinger, vil Kontrollutvalgslederskolen fortsatt ha et begrenset antall deltakere for å få til sosial mingling, gode diskusjoner både i grupper og samlet.

Vi satser på å få til god erfaringsutveksling om problemstillinger knyttet til kontrollutvalgets arbeidsvilkår som vi kan ta med oss i opplæringen av nye utvalg.

Vi får stadig tips om at kontrollutvalgets forhold til media bør være tema på samlingene våre. Temaet er viktig og bør diskuteres når kontrollutvalgsledere møtes. Her er det flere innfallsvinkler som egner seg både til undervisning og gruppediskusjoner.

FKT er i gang med å kartlegge omfanget av eierskapskontroll. Vi vil presentere funnene fra kartleggingen og dere får anledning til å utveksle erfaringer.

Målgruppen er kontrollutvalgsledere og nestledere, men vi setter av noen plasser til sekretariatene. Ledige plasser fylles opp med andre interesserte.

Du kan lese mer om årets program og opplegg og melde deg på fra hjemmesiden vår:

Påmelding





Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



2022/487 Stord kommune

Innklaget:	Stord kommune
Klager:	Transponder AS
Saksdokument:	2022 487 Klagenemndas Avgjørelse
Avgjørelse:	Brudd på regelverket
Type sak:	Rådgivende sak
Saken gjelder:	Avvisning av leverandør, Avvisning av tilbud, De generelle kravene i § 4, Evaluerings- eller prismodell, Tildelingsevaluering

Sammendrag

Innklagede gjennomførte en åpen tilbudskonkurranse for anskaffelse av nytt skoleadministrativt system. Klager anførte at innklagede hadde evaluert tilbudene på en annen måte enn det som fremgikk av konkurransedokumentene, i strid med de grunnleggende prinsippene i loven § 4. I tillegg anførte klager en rekke feil ved evalueringen av tilbudene, samt at valgte leverandørs tilbud skulle vært avvist. Innklagede erkjente å ha brutt regelverket ved evalueringen av tildelingskriteriet «Implementering, service og kompetanse». Klagers øvrige anførsler førte ikke frem.

Konkurransform:	Tilbudskonkurranse
Type avtale:	Kontrakt
Regelverk:	LOA og FOA del I og II
Type anskaffelse:	Tjenesteanskaffelse
Tjenestekategori:	
Saksbehandler:	CAES
Registrert inn:	21.03.2022
Avsluttet:	23.08.2022
Status:	Avgjort
Avgjort av:	Klagenemnda



Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Saken gjelder: Avvisning av tilbud. Evalueringsmodell. Tilbudsevaluering.

Innklagede gjennomførte en åpen tilbudskonkurranse for anskaffelse av nytt skoleadministrativt system. Klager anførte at innklagede hadde evaluert tilbudene på en annen måte enn det som fremgikk av konkurransedokumentene, i strid med de grunnleggende prinsippene i loven § 4. I tillegg anførte klager en rekke feil ved evalueringen av tilbudene, samt at valgte leverandørs tilbud skulle vært avvist. Innklagede erkjente å ha brutt regelverket ved evalueringen av tildelingskriteriet «Implementering, service og kompetanse». Klagers øvrige anførsler førte ikke frem.

Klagenemndas avgjørelse 23. august 2022 i sak 2022/487

Klager: Transponder AS

Innklaget: Stord kommune

Klagenemndas medlemmer: Finn Arnesen, Marianne Dragsten og Karin Fløistad

Bakgrunn:

- (1) Stord kommune (heretter *innklagede*) kunngjorde 11. januar 2022 en åpen tilbudskonkurranse for anskaffelse av nytt skoleadministrativt system. Tilbudsfrist var 31. januar 2022.
- (2) I avtalens punkt 1.1 var det gitt følgende beskrivelse av systemet:

«SK søker ei moderne skyteneste for skuleadministrasjon som skal digitalisere ei rekke prosessar knytt til lærarane og elevane sin skulekvardag, og som skal bidra til å betra kommunikasjon og samarbeid mellom skule og heim. I løysinga må det vera mogleg for sikker tverrfagleg samhandling og sakshandsaming t.d. mellom skule og hjelpetenesta (PPT) m.m. Løysinga skal vera med å effektivisere arbeidskvardagen for tilsette i skulen og tilhøyrande instansar.

Det er eit behov at skuleadministrasjon skal gjennomførast på ein rasjonell og ressurs sparinge måte. Det er avgjerande at programmet har velfungerande integrasjon(ar) mot kommunen sitt HRsystem, økonomisystem, arkivsystem, FEIDE, LMS, offentlegrapportering til PAS, VIGO, GSI og andre aktuelle fagsystem.»

- (3) Kontrakt skulle tildeles tilbudet med det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på tildelingskriteriene «Løsningsforslag, funksjonalitet og brukervennlighet» (vektet 55 prosent), «Implementering, service og kompetanse» (vektet 20 prosent) og «Priser og kostnader» (vektet 25 prosent).

Postadresse
Postboks 511
Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse
Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no
www.klagenemndssekretariatet.no

- (4) Det fremgikk av konkurransegrunnlaget at tilbudene ville bli evaluert på følgende måte:

«Evaluering av pris: Det benyttes en skala fra 0-100 hvor laveste pris gis 100 poeng. Poengene for priser og kostnader er satt ut fra en forholdsmessig prisforskjell omregnet i poeng i forhold til laveste pris, etter følgende formel: (laveste pris / tilbudspris) x makspoeng (100 poeng).

Evaluering av øvrige tildelingskriterier: Evalueringen av kriteriene der poeng ikke allerede er angitt i konkurransegrunnlaget baseres på en helhetsvurdering hvor de momenter som er spesifisert i konkurransegrunnlaget legges til grunn. Det gis poeng på en skala fra 0 til 100, der 100 er best. Det tilbud som vurderes som best for hvert kriterium oppnår 100 poeng. De øvrige tilbud får poeng ut i fra et skjønn som er basert på hvordan det enkelte tilbud fremstår i forhold til det beste tilbudet.»

- (5) Om evalueringen av tildelingskriteriet «Løsningsforslag, funksjonalitet og brukervennlighet» var det opplyst følgende:

«Her vil Oppdragsgiver vektlegge:

- besvarelse av bilag 2, Leverandørens beskrivelse av tjenesten*
- besvarelse av bilag 7, Endringer i den generelle avtaleteksten.*
- besvarelse av bilag 9, Vilkår for Oppdragsgivers tilgang og bruk av tredjepartleveranser*
- presentasjon av løsningen og test av demoversjon»*

- (6) For tildelingskriteriet «Implementering, service og kompetanse» var det opplyst følgende:

«Her vil Oppdragsgiver vektlegge

- besvarelsen av bilag 3, Plan for etableringsfasen.*
- besvarelsen av bilag 4, Tjenestenivå med standardiserte kompensasjoner.*
- besvarelsen av bilag 5, Administrative bestemmelser.»*

- (7) I tillegg skulle leverandørene fylle ut bilag 1, som var konkurransens behovsbeskrivelse. Det var gitt følgende informasjon om hvordan denne skulle fylles ut og evalueres:

«Det er sett opp ein behovsbeskrivelse der det kjem fram ulike eigenskapar og funksjonar den tilbodne programvara skal ha som eit minimum.

Opplistede behov er ikkje absolutte. Eventuelle avvik frå behova vil bli evaluert under tildelingskriteriet "Løsningsforslag, funksjonalitet og brukervennlighet". Vedlegget blir lasta inn utfylt som vedlegg til tilbodet i KGV.

Vedlegget lister opp kundens behov for tilbodt løysing og skal fylles ut av leverandør iht. følgjande instruks:

1. Feltet "Dekkes":

Leverandør skal angi ein kode for korleis kravd funksjonalitet møtest av leverandøren:

S = Funksjonaliteten blir dekt gjennom standardløysinga som er tilboden.

T = Funksjonaliteten kan dekkast gjennom utvikling/tilpasning av standardløysinga. Det skal oppgivast forpliktande dato.

N = Funksjonaliteten kan ikkje dekkast av standardløysinga eller tilpasning/videreutvikling av denne. Det skal grunngivast.

Leverandøren skal primært dekkja behovet med standardløysinga si. Leverandøren skal synleggjera dei tilfella der spesialtilpasningar må finna stad. Kostnader forbunde med utvikling skal i utgangspunktet dekkast av leverandøren. Dersom leverandøren likevel vel at kunden skal ta kostnaden skal pris for dette blir oppgitt og kan bli tatt med i prisevalueringa.

2. Feltet "Kommentarer":

